

## **Styremøte 2022/6 i Norsk folkemusikklag**

**Ekstraordinært styremøte på Zoom søndag 3. april kl. 19.30–20.15.**

*Til stades: Bjørn Aksdal, Andrea Kasbo Rygh, Tom Willy Rustad og Sveinung Søyland Moen (referent)*

### **Sak 34/22 Val av konstituert redaktør**

Etter å ha fått nei frå nokre aktuelle kandidatar vurderte i førre styremøte, diskuterte styret så moglege interne løysingar for utgjeving av 2022-skriftet. Styret vart samde om at Bjørn går inn i rolla som konstituert redaktør fram til årsmøtet i 2023, samstundes som han fortset som leiar for laget. Det vart elles lagt følgjande plan for det vidare arbeidet:

- Sveinung vil oppdatera nettsidene til laget med informasjon om det nye styret og om konstituert redaktør på sida til skriftet.
- Tidspunkt for neste redaksjonsmøte vert sett til 28. april kl. 19.00, føresett at siste redaksjonsmedlem har høve til å møta. Bjørn vil då kalla inn på Zoom.